



LAB- nytt nr 2-2009

Ny eining for Troponin I og ny grenseverdi for myokardskade

Frå 8. juni 2009 vil hjartespesifikt Troponin I bli utgitt med eininga ng/L (mot tidligere µg/L).

Ny grenseverdi for myokardskade blir Troponin I > 30 ng/L i serum. Tidlegare var denne grenseverdien 0,04 µg/L, tilsvarande 40 ng/L.

Årsaka til myokardskade er som oftast iskemisk hjartesykdom og akutt hjarteinfarkt.

Både overgang til ny eining og senking av grenseverdi til 30 ng/L blir gjennomført ved alle sjukehus i Noreg og gjeld både for Troponin I og Troponin T.

CKMB utgår frå repertoaret

CKMB utgår frå repertoaret og vil ikkje lenger verte nytta som markør for myokardskade. Kliniske studier har synt at Troponin åleine er tilstrekkeleg som biokjemisk markør for myokardskade.

Ovanstående endringar er anbefalt av både det kardiologiske og det medisinsk- biokjemiske fagmiljøet i Noreg og stemmer over eins med internasjonal fagleg konsensus.

Førde 3.juni 2009

Rune J. Ulvik
Overlege
Spesialist i medisinsk biokjemi